



Eit utsnitt av to samarbeidande kor, Røyserett for Alle og Rosendal Songlag, med seminar i helga. Musikalsk leiar: Maria Malmsten

Denne helga er hektisk for to samarbeidande kor, Røyserett for Alle og Rosendal songlag. Det er mykje stoff som skal på plass før jubileumskonserten i april. Denne helga vert nytta til seminar i Helgheim, der det er meninga å få best mogeleg tak på eit svært variert repertoar. Det er mykje nytt stoff, men sidan det er jubileumskonsert, lyt også eit representativt utval av gammalt stoff gjevast til beste.



Det er sjeldan så mange koristar er samla til øving i Helgheim. Med 28 songarar frå Røyserett for Alle og nær på 20 frå Rosendal songlag kom talet opp i over 50 koristar.

Sjølve seminaret starta fredag kveld, saman med Rosendal Songlag, som skal vera med på jubileumskonserteren i ein sekvens med eit potpurri av songar frå musikalar av Andrew Lloyd Webber. Det vart ein intens fire timars gjennomgang. Røyserett hadde smaka på det meste av stoffet i løpet av hausten, og Rosendal Songlag har hatt potpurriet på repertoaret tidlegare.

Me i Røyserett trudde me var meir eller mindre "på barbakke" etter det litle me hadde øvd på stoffet, men det at Rosendal Songlag kjende det frå før, gjorde at me fekk svært mange brikkar på plass berre på denne eine kvelden.

Det er gildt å øva i større samheng enn vanleg, og det vert skravla mykje meir, og meir høglydt enn vanleg (iallfall i pausane), når kjende gjester er med.

Eva Megyesi, som dirigerer Rosendal Songlag, var med på piano i ei gjennomkøyring av stoffet midtvegs i kvelden. Det er inspirerande å ha så proft akkompagnement, og samstundes er det viktig at dei to dirigentane får ei semje om korleis stoffet skal handterast. Dermed vert det mindre å pussa på mot slutten, når me øver saman att.

Laurdag vert det ein fem timar lang seanse utan Rosendal Songlag.

Då skal me ha ein intens dugnad på resten av stoffet me skal ha til konserten, ein konsert der ein del av dei medverkande, så som konferansier, pianist og andre musikalske krefter er i ferd med å falla på plass. For ikkje å seia så mykje om eigen innsats, ser det i allfall lovande ut når det gjeld andre medverkande.

Øvinga torsdagskveld vart og vigd hardt arbeid med stoffet vårt, så ein kan vel seia at dette og var ein del av seminaret.

Når me får øvd og pussa eit par månader til, og våren melder seg, vonar me å vera vel budde til konsert i Festsalen på Kulturhuset Husnes 14. april..

Tekst: Svein Rimestad - Røysterrett for Alle
Foto/nett: Kristian Bringedal



Det var ei solid mannsrekke, totalt 18 menn fordelt på stemmene bass og tenor.